

Innspel til sak 108/16; Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for akvakulturlokalitet Ospeneset.

Fyllingsnes Fisk hadde frå 2010 til januar 2015 eit oppdrettsanlegg type stålanalegg på lokalitet Ospeneset ved Sævråsvåg i Fensfjorden. Under orkanen «Nina» 10. januar 2015 opplevde selskapet eit delvis havari på anlegget med rømming av fisk. Alle påkrevde sertifikat var på plass men brot i ein sertifisert kjetting som skulle tålt mykje høgare belastning enn den faktisk gjorde førte til skade og rømming. Noko slikt ynskjer me ikkje å oppleva ein gong til.

Etter havariet vart lokaliteten rydda og Fyllingsnes Fisk investerte i nytt anlegg beståande av plastringar (merdar) og rammefortøyningar (fleksible fortøyningssystem). Denne type anlegg tåler mykje større belastningar enn dei «gamle» stålanalegga, ulempa er at dei krev meir areal enn stålanalegg for å produsere same mengde fisk.

Sommaren 2015 fekk Fyllingsnes Fisk dispensasjon frå Lindås kommune til å gå litt utover akvakulturområdet på Ospeneset. Me fekk då plass til å plassere 3 plastringar på området. I desse 3 plastringane har me kapasitet til å produsere inntil 60 % av den mengda fisk me tidlegare kunne produsere i det gamle stålanalegget.

Verksemda har investert ca 40 millionar kroner på Ospeneset for å få til eit tidsriktig og sikkert anlegg. Skal verksemda ha mulighet til å produsere den mengda fisk me har utsleppsløye for og som me kunne i det gamle stålanalegget må me få til ei utviding av arealet på Ospeneset. Alternativet er å plassere eit stålanalegg på lokaliteten igjen, det har me lite lyst til å gjøre. Vårt ynskje er å oppretthalde aktivitet og arbeidsplassar i Fensfjorden i eit oppdrettsanlegg som også toler ekstrembelastningar som orkanen «Nina».

Fyllingsnes Fisk har jobba kontinuerleg med denne saka sidan havariet vinteren 2015. Fylkesmannen har klaga på dispensasjonen me fekk frå Lindås kommune og saka ligg no til handsaming hos settefylkesmann. Saka har stoppa heilt opp, å få dispensasjon til utviding av akvakulturområdet er ikkje mogeleg.

Slik me vurderer det er siste utveg for framdrift å søkje om løyve til oppstart av reguleringsplan i sjø for akvakulturlokalitet Ospeneset. Søknaden vår om oppstart av reguleringsplan er også i tråd med råd/innspel me har fått frå Fylkesmannen i Hordaland. Christian H. Reinhol frå Lindås kommune var med på møte med Fylkesmannen der dette innspelet kom opp.

Verksemda er heilt avhengig av å benytte løyvet me har på Ospeneset på inntil 3120 tonn ståande biomasse. Ein 40 % reduksjon av kapasiteten er svært utfordrande over tid. Det vert for lenge å vente på rullering av den kommunale arealplanen og me håpar derfor at Plan –og miljøutvalet kan støtte søknaden vår om å iverksetje privat reguleringsplan for akvakulturlokaliteten ved Ospeneset.


Med beste helsing

Fyllingsnes Fisk AS
Knut Frode Eide
Dagleg leiar

3 Vedlegg:

Kartskisse som viser plassering av lokalitet Ospeneset.
Øverste bilet viser stålanalegg på lokaliteten
Nederste bilet viser lokaliteten slik den er i dag

Kartskisse som viser plassering av lokalitet Ospeneset



Lokalitet Ospeneset med stålanlegg



Lokalitet Ospeneset med plastringar slik anlegget er i dag

